

## Vedlegg 1:

### Oversikt over målstruktur.

Oversikt over hovudmål, temaområde og prioriterte delmål, innsatsområde for tiltaksutvikling og kopling til FNs berekraftsmål - førebels arbeidsplattform.

#### Hovudmål:

##### Hordaland:

Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader.

##### Sogn og Fjordane:

- 1: Fremje trivsel, deltaking og meistring som, saman med gode levekår, gjev god helse og livskvalitet forinnbyggjarane.
- 2: Få folkehelse inn i alle politikkområde for å skape helsefremmande lokalsamfunn, jamne ut sosiale helseskilnader, sikre berekraft, føre-var tenking og medverknad «helse i alt vi gjer».
- 3: Utvikle gode system og rutinar for å førebygge sjukdom, skade og liding.
- 4: Utvikle gode lokalsamfunn for utvikling og bruk av kunnskap om helse og førebyggjande faktorar i samfunnet.

Tema regional plan	Forslag til innsatsområde for tiltaksutvikling	Fns berekraftsmål
Tema 1: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming/ Lærande organisasjonar i plan og samfunnsutvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid</li><li>- Sosial ulikskap i helse</li></ul>	17 Samarbeid for å nå måla  10 Mindre ulikskap
Forslag til prioriterte delmål tema 1	<p><i>1.2 Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert (HORD)//Strukturar og arenaer for systematisk kunnskapsutvikling og læring/ helseovervaking som får fram gode data på utvikling i helsetilstand og samanhengane mellom helse og påverknadsfaktorar. Formidling av kunnskap om helse og påverknadsperspektiv til bruk i alle politikkområde (SogFj).</i></p> <p><i>1.4 Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025 (HORD)//Kompetansetiltak, universell utforming (SogFj).</i></p>	
Tema regional plan	Forslag til innsatsområde for tiltaksutvikling	Fns berekraftsmål
Tema 2: Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader// Gode bu- og nærmiljø	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid</li><li>- Sosial ulikskap i helse</li><li>- Gode, trygge og deltakande nærmiljø og lokalsamfunn</li><li>- Dei demografiske endringane i Vestland</li><li>- Barn og unge - livskvalitet og (psykisk helse)</li></ul>	11 berekraftige byar og lokalsamfunn  17 Samarbeid for å nå måla  10 Mindre ulikskap
Forslag til prioriterte delmål tema 2	<p><i>2.1 Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga (HORD)//Bu- og nærmiljø med estetiske kvalitetar. God livskvalitet. Bu- og nærmiljø som er lagt til rette for gåande og syklende. Gode transportordningar/kollektivtilbod for spreidd-bygde område der avstand mellom bustad og daglege gjeremål. Kommunane sitt arbeid med trafikksikkerkommune (SogFj).</i></p>	

	<i>2.4 Færre skadar og ulykker (HORD)//Universelt utforma og livsløpstilpassa bu- og nærmiljø, som er trygge å ferdast i og som førebygger skadar og ulykker (SogFj).</i>	
Tema regional plan	Forslag til innsatsområde for tiltaksutvikling	Fns berekraftsmål
Tema 3: Oppvekst og læring// Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid</li> <li>- Sosial ulikskap i helse</li> <li>- Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn</li> <li>- Dei demografiske endringane i Vestland.</li> <li>- Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse</li> </ul>	10 Mindre ulikskap 4 God utdanning
Forslag til prioriterte delmål tema 3	<p><i>3.1: Barnehagar og skular skal ha helsevennlege og gode bygg og uteareal.</i></p> <p><i>3.2: Alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande. //Redusere sosiale skilnader i helse// Gode levevanar og toleransell betre trivsel, meistring og læringsutbytte for elevane.</i></p> <p><i>3.4: 80 prosent av elevane skal gjennomføre vidaregåande opplæring på fem år. Hindre fråfall i vidaregåande skule og arbeidsliv.</i></p> <p><i>3.5: Ein skal arbeide for auka kunnskap om barn og unge sin situasjon, levekår og helse.</i></p> <p><i>3.6: 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skulen.</i></p>	
Tema regional plan	Forslag til innsatsområde for tiltaksutvikling	Fns berekraftsmål
Tema 4: Arbeid og arbeidsplassen //Helsefremjande arbeidsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid</li> <li>- Sosial ulikskap i helse</li> <li>- Dei demografiske endringane i Vestland.</li> <li>- Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse</li> </ul>	10 Mindre ulikskap 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst 4 God utdanning
Forslag til prioriterte delmål tema 4	<p><i>4.1: Auke arbeidsdeltakinga og betre overgangen mellom vidaregåande opplæring og arbeid. Fleire deltek i yrkeslivet (HORD)// Samarbeid mellom arbeidsliv, det offentlege/kommunen og frivillig sektor. Samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonane (SogFJ).</i></p>	
Tema regional plan	Forslag til innsatsområde for tiltaksutvikling	Fns berekraftsmål
Aktivitet og sosial deltaking// Trivselsfremjande fritid	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid</li> <li>- Sosial ulikskap i helse</li> <li>- Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn</li> <li>- Dei demografiske endringane i Vestland.</li> <li>- Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse</li> </ul>	11 berekraftige byar og lokalsamfunn 10 Mindre ulikskap
Forslag til prioriterte delmål tema 5	<p><i>5.1 Inkludere fleire i, og rekruttere breiare til, frivillig organisasjonsarbeid (HORD)//Fleire deltek i frivillige organisasjonar, kultur- og fritidsaktivitetar. Styrke kunnskap om frivillig innsats som ressurs i samfunnsutviklinga. Alle er kjent med og kan nyttiggjere seg av kultur- og fritidstilbod (på tvers av alder, funksjonsnivå, bakgrunn osv) (SogFJ).</i></p> <p><i>5.2 Gode friluftsområde for alle.</i></p>	